

MJELSTAD OG STOKKE RØRLF. AS

Org. nr. 974371855

Fotlandsvegen 39

5282 LONEVÅG

Tlf. 56193140

20.06.2023

OSTERØY KOMMUNE

Teknisk Forvaltning

Postboks 1

5293 LONEVÅG

GNR. 118 BNR. 17, 49 – UTGREIING OM SØKNAD

Vedlagt er «Søknad om tillatelse til tiltak» for minireinseanlegg med grøfter på Hjellvik.

Bakgrunn

Gnr. 118 bnr. 17, 49 har ikkje reinseanlegg for gråvatn og ønskjer etablere eit avlaupsanlegg, slik at det også kan etablerast vassklosett.

Nytt anlegg

Det er vurdert løysing med tilkopling til kommunalt avlaup via etablert privat stikkledning og direkte på det kommunale anlegget i Hjellvikåsen. Eigarar av det private leidningsnettet var ikkje interessert i fleire brukarar og direkte på det kommunale anlegget vart for kostbart. Eigedomen er i utsleppssone 4. Her er det mogleg med bruk av slamavskiljar og utslepp til sjø, men leidning til sjø vert også for kostbart.

Me søker no om å etablere minireinseanlegg med infiltrasjonsgrøft på eigen eigedom. Situasjonsplan viser på kartvedlegg D1 og D2. Anleggstype er BioDisc BA, vedlegg Q1-Q2. Det er planlagt grunn grøft på heile anlegget med isolering.

Dispensasjon.

Eigedomen ligg i LNF-området. Det er søkt Vestland fylkeskommune om dispensasjon frå byggjegrense mot veg. Det er gitt dispensasjon med avstand til midten av veg på 15 m, vedlegg B1-2. Andre dispensasjoner ser me ikkje at det er, sidan anlegget er på egen grunn.

Nabovarsel

Naboar er varsle, vedlegg C1-2. Me har ikkje registrert at nokon har merknad til nytt avlaupsanlegg.

Søknad om utsleppsløyve

Det vert søkt om utsleppsløyve parallelt med denne søknaden.

Med venleg helsing



Tore Stokke

MJELSTAD OG STOKKE RØRLF. AS